

Årsmøte i Studieforbundet kultur og tradisjon 19.mai 2014

Årsmøtet vart halde på Clarion Christiania Hotell i Oslo. Det møtte 21 representantar frå ni medlemsorganisasjonar.

Før møtet tok til var det ein kort runde med presentasjon av deltakarar og medlemsorganisasjonane.

Sak 1: Opning og konstituering

Styreleiar Marit Jacobsen opna møtet og ynskte vel møtt.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Konstituering:

Møteleiar	Marit Jacobsen
Møtesekretær	Björg Schultz
Til å skrive under protokollen	Mette Gunnari (DIS) Rønnaug Ust (SN)
Tellekorps	Linda Aaboen og Tone Heskestad

Sak 2: Årsmelding 2013

Styreleiar Marit Jacobsen la fram årsmeldinga.

Irene Nordhaug Hansen, Frode Rismyhr, Frode Førland, Alf Steinar Nekstad, Per Anders Hammer og Kjærsti Gangsø hadde ordet til årsmeldinga. Det kom fram endringsframlegg på punkt om internkontroll og nokre merknader til oppsettet.

Vedtak:

Årsmelding 2013 for Studieforbundet kultur og tradisjon, med tillegg av årsmøtet sine merknader vart samrøystes godkjent.

Sak 3: Rekneskap 2013

Dagleg leiar Kjærsti Gangsø la fram rekneskapet.

Vedtak:

Rekneskap 2013 for Studieforbundet kultur og tradisjon med eit overskot på 157.733 vart samrøystes godkjent. Overskotet blir lagt til eigenkapitalen.

Før årsmøtet skulle handsama strategisk plan hadde Rune Stiberg-Jamt ein presentasjon av resultata frå undersøkinga Oxford Research hadde gjort om studieforbunda.

Sak 4: Strategisk plan 2015 - 2017

Styremedlem Eli Ulvestad la fram styrets framlegg til tiltak for 2013.

Solveig Torgersen Grinder, Irene Nordhaug Hansen, Alf Steinar Nekstad, Tore Friis-Olsen, Marit Jacobsen, Jorid Martinsen, Arve Hornnes, Frode Førland, Åshild Nordås, Gunnar Høiås og Kjærsti Gangsø hadde ordet. Det kom fram nokre endringsframlegg som vart innarbeidd i framlegget.

Vedtak:

Strategi og verksemdsplan for Studieforbundet kultur og tradisjon 2015 – 2017 vart samrøystes vedteke.

Sak 5: Budsjett 2014

Styremedlem Endre Kleiveland la fram styret sitt forslag til budsjett.

Solveig Torgersen Grinder og Irene Nordhaug Hansen hadde ordet til saken.

Vedtak:

Framlegg til budsjett 2015 for Studieforbundet kultur og tradisjon vart samrøystes vedteke.

Sak 6: Val

Desse var i valnemnda: Rita Strandbakke, Noregs Ungdomslag, Per Hillesund, Forbundet KYSTEN, Ragnar Spiten, Seniordans Norge.

Møteleiar la fram valnemnda sitt framlegg.

Vedtak:

Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Styret:

Leiar:	Eli Ulvestad (NU)	valt til 2016
Nestleiar:	Solveig Torgersen Grinder (NH)	valt til 2016
Styremedlem:	Frode Rismyhr (Frilynt)	valt til 2016
Styremedlem:	Kjell Helge Moe (DIS)	valt til 2016
Styremedlem:	Randi Grønbakken(SN)	ikkje på val
Styremedlem:	Anne Karoline Langmoen (NH)	ikkje på val
Styremedlem:	Endre Kleiveland (NU)	ikkje på val
1. varamedlem:	Tore Friis-Olsen (KYSTEN)	valt til 2015
2. varamedlem:	Helen Hansen (NATF)	valt til 2015

Revisor:

Nilson Revisjonskontor ved Steinar Nilson attvalt til 2015

Valnemnd:

Seniordans Norge	valt til 2015
Noregs Ungdomslag	valt til 2016
Norges Husflidslag	valt til 2017

På årsmøtet fekk DIS Norge, Slekt og Data og Studieforbundet kultur og tradisjon i Sogn og Fjordane kvar sin sjekk på 10.000 kroner for å ha gjort eit framifrå arbeid for å auke talet på kursdeltakarar. Prisen vart delt ut av generalsekretær i VOFO, Sturla Bjerkaker og styreleiar i VOFO Inge Cårten. Prisen er eit av tiltaka Studieforbundet gjennomfører for å oppfylle måla i VOFO sin kampanje 1. million på rett kurs.

Møtet ble avslutta med at avtroppande leiar Marit Jacobsen ble takka av den ny styreleiaren og av dagleg leiar.

Bjørg Schultz (ref)
sign

Mette Gunnari
sign

Rønnaug Ust
sign

Desse var til stades på årsmøtet

Representantar:

DIS-Norge, Slekt og Data	Mette Gunnari
DIS-Norge, Slekt og Data (observatør)	Kjell Helge Moe
DIS-Norge, Slekt og Data (gjest)	Tone Moseid
Frilynt Norge/styret	Frode Aleksander Rismyhr
Hålogaland Amatørteaterselskap (HATS)	Irene Nordhaug Hansen
Kringkastingsringen	Karoline Opsal Marøy
Norges Husflidslag	Solveig Torgersen Grinder
Norges Husflidslag	Mette Skøien
Norges Husflidslag	Jorid Martinsen
Norges Husflidslag/ SKT Akershus	Kari Mette Vollar
Norges Husflidslag/SKT Buskerud	Per Anders Hammer
Norges Husflidslag/styret	Marit Jacobsen
Norges Husflidslag/styret	Anne Karoline Langmoen Nilsen
Norsk Amatørteaterselskap	Frode Førland
Norsk Amatørteaterselskap/styret	Helen Hansen
Forbundet KYSTEN	Tore Friis-Olsen
Noregs Ungdomslag	Åshild Nordås
Noregs Ungdomslag	Alf Steinar Nekstad
Noregs Ungdomslag/SKT Sogn og Fjordane (gjest)	Arve Hornes
Noregs Ungdomslag/styret	Eli Ulvestad
Noregs Ungdomslag/styret	Endre Kleiveland
Seniordans Norge	Gunnar Høiås
Seniordans Norge/SKT Buskerud	Rønnaug Ust
Seniordans Norge/styret	Randi Grønbakken

Gjestar:

Oxford Research	Rune Stiberg-Jamt
VOFO	Sturla Bjerkaker
	Inge Carlen

Kontoret:

Kjærsti Gangsø
Bjørg Schultz
Linda Aaboen
Tone Heskestad